

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 14/8356-10
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

14938/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 22.04.2015

Vedlegg til sak:

Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge fem småkraftverk i Luster kommune, «Lusterpakka».

Saksutgreiing for Rydøla kraftverk

1. Omtale av tiltaket.


Rydøla renn ut i Jostedøla frå øst om lag sju km nord for Jostedøla sitt utløp i Gaupnefjorden. Det er ikkje busetnad i nærområdet og dette er heller ikkje eit utfartsområde. Det er derimot mange som passerer i bil langs fylkesvegen på motsett side av Jostedøla. Ved stor vassføring er fossen godt synleg frå vegen og er meir visuelt tilgjengeleg enn nabovassdraga. Kraftstasjonen er tenkt plassert like nord for Rydøla sitt utløp i Jostedøla. Her er det relativt trangt mellom Jostedøla og bratt fjell opp mot Rydalen. Ryfossen kjem ned her. Over fossen er terrenget flatare, men stig vidare opp mot stølen Rydalen. Tilkomst til stølen er frå øst via tursti frå Rysete. Søkjar er Luster Småkraft AS som er eigd av Luster Energiverk AS og Småkraft AS. Det er gjort avtale med grunneigarane om utvikling, bygging og drift av det omsøkte anlegget.

Rydøla kraftverk


Tilsig	Samla	Rydøla	Viergrovi
Nedbørsfelt , km2	11,6	9,9	1,7
Middelvassføring ved inntaket, m3/sek	680	590	90
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	24	20	4
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	110	95	15
Fem-persentil* vinter, liter/sek	20	17	3
Kraftverk			
Inntak, kote	575	575	590
Avløp, kote	35	35	575
Lengde påverka elvestrekning, km	1,56	1,56	
Brutto fallhøgde, meter	540	540	
Slukeevne, maks m3/sek	1,705	1,475	0,3
Slukeevne, min m3/sek	0,09	0,07	
Installert effekt, maks MW	7,9	6,9	
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	400/100	400/100	0/0
Brukstid, timar	1980	1902	
Produksjon			
Årleg middel, GWh	14,9	12,5	2,4
Økonomi			
Utbyggingskostnad, mill. kr.	57,5		
Utbyggingspris, kr/kWh	3,85		

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Utbygde kraftverk og nye prosjekt i området, if. NVE-atlas



Eksisterande anlegg: Svart, gul tekst. Gitt løyve: Blå. Konsesjonsbehandling: Raud (Rydøla med to inntak og Mordøla). Avslag: Blå med kryss (Enggjadalselvi)



Rydøla kraftverk. Vassvegen i den øvre delen av anlegget skal leggst i gravd/sprengt grøft. Den nedre delen er planlagt som tunnel og ei kort nedgravd rørgate nedst.

Det er planlagt betongdam med høgde to meter og lengde 10 meter nedanfor stølen Rydalen. Viergrovi som renn naturleg inn i Rydøla eit stykke lenger nede, er planlagt overført til inntaksdammen ved hjelp av ei 240 meter lang overføring. I Viergrovi er det planlagt ein sperredam i betong med høgde to meter og lengde 10 meter. Det vil bli slept minstvassføring frå inntaksdammen i Rydøla, men ikkje frå inntaket i Viergrovi. Vassvegen i den øvre delen av anlegget skal leggst i gravd/sprengt grøft, 610 meter. Den nedre delen er planlagt som tunnel/sjakt mellom

kote 475 til kote 60. Siste delen av vassvegen ned til kraftstasjonen er planlagt som nedgravd/sprengt rørgate, 140 meter. Kraftstasjon med grunnflate 80-100 m² er planlagt like nord for Rydøla sitt utløp i Jøstedøla. Det går ein privat veg forbi kraftstasjonsområdet. Om lag 50 meter ny tilkomstveg må byggast. For arbeidet i den øvre delen av tiltaksområdet skal det byggast skogsveg/traktorveg frå Engjadalen og norover til Rydalen. Tilkobling til eksisterande 22 kV nett skal skje via ein 2 km lang jordkabel langs den private vegen med kryssing av Jøstedøla. Steinmasse frå arbeidet med sjakta vil bli brukt til omfylling av rør.



Venstre. Ryfossen. Jøstedøla nederst i bildet.



Høgre: Stasjonsområdet med illustrasjon.



Flyfoto med skisse av skogsveg (raud strek)

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Tilsiget frå restfeltet (frå inntaket og ned til kraftstasjoen) er berekna til 50 liter/sek i middel like oppstrøms kraftstasjonen. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket slik: 400 l/sek i perioden 01.6 til 31.08 og 100 liter/sek resten av året. For samanlikning er 5-persentilen berekna til 110 liter/sek i perioden 01.05 til 30.09 og 20 liter/sek resten av året. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn slukeevna i kraftverket i 60 dagar (overløp).

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Ingen negativ konsekvens.

Biologisk mangfald og verneinteresser, sitat s. 27 i søknaden

Ei utbygging i Rydøla kan være problematisk for hubro dersom han hekkar nær elva, mens forstyrringar her ikkje vil føre ein vesentleg forstyrring for eventuelle hekkande individ på den omtala lokaliteten 4-5 km lenger inn i Jostedalen. Kongeørn vil kunne vere sårbar for forstyrringar i perioden februar til ut juni. Dersom ørna nyttar hekkelokaliteten når anleggsarbeidet startar opp, kan det ikkje utelukkast redusert hekkesuksess dette året. Anna vilt forventar ein vert påverka i liten grad ut over i anleggsfasen, kor støy og økt menneskeleg ferdsel kan føre til at dyr mellombels trekker seg vekk frå anleggsnære område.

Tiltaket vil føre til noko hogst i gråor-heggeskogen i nedre del av Rydøla i samband med nedgraving av røyrgate og bygging av kraftstasjon. Dette fører til at lokaliteten vert ytterligare redusert. Redusert vassføring kan saman med hogst innanfor lokaliteten derfor føre til tørrare forhold slik at førekomsten av einskilde meir fuktkevjande artar kan bli redusert. Skogen vil framleis bli utsett for flaumar, sjølv om ein kan forvente at storleiken på flaumane i elva vert noko mindre. Dersom kraftlinja fører til behov for hogst innanfor gråor-heggeskogslokaliteten Hurrene, vil dette vere negativt ved å redusere denne lokaliteten. Konsekvensen vert vurdert samla sett som **middels negativ (--)**.

Fisk og ferskvassbiologi, sitat s. 30 i søknaden

Rydøla har ei 100 m lang anadrom strekning frå samløpet med Jostedøla.... Det er her påvist sjøaure, men ikkje yngel. Rydøla har tilsynelatande dårlig produksjonspotensial og få gytemoglegheiter. Oppstrøms Ryfossen finns bekkeare. Andre ferskvasszoologiske forhold er ikkje undersøkt, men det vert antekke at vanlige artar på grovt substrat ved høge vassføringar finns. Utbygginga vil gje ein vesentleg reduksjon i vassføring, noko som truleg vil føre til at oppvandring frå Jostedøla vert redusert eller i verste fall forsvinn. Bekkearebestanden vil truleg også reduserast. Redusert produksjon av næringsdyr vil og kunne ha en viss effekt på bestandane. Konsekvensen vert vurdert samla sett som **liten negativ (-)**.

Landskap og INON , sitat side 31 og 32 i søkn.

Landskapsregionen dekker det som av Puschmann (2005) karakteriserar som det mest storslagne av Noreg sine fjordlandskap. Ryfossen er ikkje blant dei mest imponerande i kommunesamanheng i Luster, men er eit viktig landskapselement i Jostedalen og er lett tilgjengeleg. Stølar i fjellområdet oppstrøms planlagde inntak samt bergkunst visar og vitnar om tidligare bruk av utmarka. Det er ikkje noko tyngre tekniske inngrep i øvre del av influensområdet, men det er vedteke bygd ein landbruksveg til Rydalen som vil endre dette.

Ei utbygging av Rydøla kraftverk vil føre til redusert vassføring i elva og i Ryfossen. Minstevassføringa er vurdert som tilstrekkeleg til å oppretthalde fossen som eit viktig landskapselement i perioden 1. juni til 31. august når det vert slept 400 l/s og det i periodar samstundes vil vere overlaup frå inntaket. Resten av året vert det slept 100 l/s. Det vert vurdert som tilstrekkeleg for mykje av vinteren då vassføringa likevel er låg, mens vårflom og vassføringa frå september til haustflommen vert redusert i den grad at elva har låg opplevingsverdi. Etablering av rørgatetrase i skogen ned frå Rydalen til toppen av stupet ned mot Jostedalen og i nedre del av tiltaksområdet til kraftstasjonen. Inntaka vil ikkje verte synlege frå stølen i Rydalen, men ligge noko nedsenka mot elveløpet. Inngrepet vil bli gradvis mindre synlig ettersom revegeteringa av røyrгатetraseen og skråninga langs tilkomstvegen til inntaket tiltar.

INON

Bygging av Rydøla kraftverk vil ikkje føra til tap eller omklassifisering av inngrepsfrie naturområder. I nedre del av tiltaksområdet går det veg inn Jostedalen, medan det i øvre del er under bygging ein skogsveg inn til stølane i Rydalen. Denne er planlagt ferdigstilt hausten 2016. Konsekvensen vert vurdert som **middels negativ (--)**, mykje på grunn av den reduserte vassføringa i den eksponerte Ryfossen.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 32 i søknaden.

Ei utbygging vil føre til tekniske inngrep i stølsmiljøet i form av inntaksdammar, nedgraven røyrgate og tilkomstveg. Tilkomstvegen vil gje eit direkte inngrep i stølsmiljøet, noko som har negativ påverknad på kulturmiljøet. Inntaket nedanfor Rydalsstølen vil likevel ligge skjerma til for innsyn frå stølen. Røyrgata vert grave ned og traseen vil gradvis bli mindre synleg etter kvart som revegeteringa tiltar. Likevel vil nærleiken til disse tekniske inngrepa til en viss grad redusere stølsmiljøet sin verdi. Konsekvensen vert vurdert som **liten til middels negativ (-/--)**. Det er likevel eit visst potensial for funn av ikkje-synlige kulturminne, noko som vil kunne bli undersøkt nærmare når detaljplanane føreligg..

Brukarinteresser

Under byggefasen vil det vere støy og trafikk, men det er lite av anleggsområdet for sjølve kraftverket som vil vere visuelt frå busetnad og bilveg. Trafikken ved påhugg sjakt og rundt kraftstasjonsområdet vil verte synleg frå riksvegen framover Jostedalen. Utanom stølsområda som har innsyn mot den planlagde tilkomstvegen, er det ikkje utfartsområde eller turstiar som vil ha innsyn mot anleggsområdet. Tilkomstvegen som er under bygging vil gjere dette turområdet meir tilgjengeleg og kunne auke bruken av området, når denne vert opna. Litt avhengig av om vegen vert stengt med bom eller ikkje. I driftsfasen vil ikkje anlegget ha nemneverdig konsekvensar for andre brukarinteresser sin bruk av området.

Ryfossen vert nytta til isklattring, som ein av fleire i Jostedalen og Luster. Når tilhøva er gode, vert det klatra i Ryfossen kvar veke i sesongen, som varar mellom desember og februar. Det er både lokale og tilreisande primært frå Sogndal som klatrar her. Vassføringa i elva vil i eit turt år ikkje skilja seg frå dagens tilhøve, men noko større i middels og våte år. Den noko lågare og ikkje minst jamnare vassføringa som fylgje av utbygginga, kan vera positiv i høve til is i fossen, men det kan vera fare for at klatrarar kan bli «vaska» bort ved eit eventuelt stogg i stasjonen. Dette kan føre til at klatring medan kraftverket er i drift truleg ikkje kan tillatast. «Konsekvensen vurderes som **middels negativ** (--)». Den reduserte landskapsopplevelsen av Ryfossen og fare/ulempar for isklattrere trekker den negative konsekvensen opp, mens bedret atkomst til Rydalsstølen er en positiv konsekvens. Konsekvensen vil være noe mindre ved et system hvor kraftverket i perioder med gode klatreforhold kan stenges, f.eks. ved direkte kontakt med driftsansvarlig for kraftverket.»

Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til 57,5 mill. kroner, av dette 1 mill. kroner som anleggsbidrag til forsterking av linjenettet i området. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,85 kr/kWh, som er middels pris.

Sumverknader/samla belastning. Sitat side 36 og 37 i søknaden

Rydøla kraftverk er vurdert å gje vesentlege negative konsekvensar for landskap grunna fossen som er synleg frå Jostedalen. Minstevassføringa er likevel vurdert som tilstrekkeleg for å oppretthalde inntrykket fossen gjer gjennom mykje av året. Dei eksisterande kraftutbyggingane har allereie redusert vassføringa i fleire av sidebekkane til Jostedøla og i Jostedøla sjølv. Det har og negativ verknad for reiseliv/friluftsliv, sjølv om det ikkje nødvendigvis får noko økonomisk verknad for reiselivsnæringa. I og med at det foregår isklattring i mellom anna Rydøla, vil utbygginga derimot gje ein direkte verknad på moglegheitene for denne friluftaktiviteten i Jostedalen, samt for kursverksamhet (reiseliv) i den grad det skjer her.

Sjøaure er utsett når fleire sideelvar til Jostedøla vert bygd ut. Rydøla er ikkje vurdert å være eigna gyteområde for sjøauren, og ettersom kraftverket ikkje vil gje redusert vassføring i Jostedøla, er den auka samla belastninga på sjøauren (og laksen) i Jostedøla lita. Ved etablering av kabel på botnen av Jostedøla for tilkopling til nett vert det viktig å unngå inngrep i gyteområde og vesentleg slamming for ikkje å medføre økt belastning på systemet her.

Utbygginga gje ytterlegare reduserte hekkeområder for fossefall. Det er ikkje kjent at arten er registrert i elva, men det er ikkje usannsynleg at den finns her. Utbygginga i Rydøla kan gje inngrep innafor 2 lokaliteter med gråor-heggeskog, mens det er venta at ein kan unngå edellausskogen i området. Den samla belastninga for gråorheggeskogen i Jostedalen blir derfor større.

Avbøtande tiltak.

Multiconsult har i si miljøvurdering sagt m.a. dette om behovet for minstevassføring, sitat side 38 i søknaden:

«Behovet for å oppretthalde en minstevannføring mellom inntaket og utløpet er primært knyttet til opprettholdelsen av noe av elvas (fossens) betydning som landskapselement og som kilde til opplevelse for de som bruker området i friluftslivs- eller reiselivssammenheng, i tillegg til at det vil ha en positiv effekt på det biologiske mangfoldet i og langs elva. Fra utbyggers side er det foreslått en minstevannføring på 400 l/s i perioden 1. juni til 31. august, og 100 l/s i året for øvrig. Selv om dette er en betydelig reduksjon i forhold til vannføringen i elva per i dag, så framstår fossen i Rydøla som et vesentlig landskapselement ved vannføring på 400 l/s. I tillegg kommer i perioder mye vann i overløp fra inntaket i forbindelse med regneepisoder, i første rekke da i «middels» og «våte» år. Resten av året er vannføringen i elva lav med unntak av i periodene oktober-november og april/mai når det er hhv. høstflom og snøsmelting, og i disse periodene framstår fossen også naturlig med lavere inntryksstyrke. Foruten i april/mai og oktober/november vurderes foreslåtte minstevannføring i betydelig grad å ivareta elvas verdi som landskapselement.

Forholdene for fisk vil variere langs elvestrengen. Det vil trolig fremdeles være kulper hvor det kan stå fisk oppstrøms Ryfossen, mens forholdene i nedre del med grov stein og et relativt bredt og flatt elveløp tilsier at 100 l/s trolig vil være lite for å oppretthalde mange kulper. Vannføringen vinterstid er også i dag relativt lav. For naturmiljøet for øvrig vurderes den foreslåtte minstevannføringen som god. Det er ikke registrert arter av karplanter, moser eller lav som er spesielt fuktkrevende, og flomdynamikken i vassdraget som påvirker gråor-heggeskogen i nedre del blir bevart. Den registrerte fossesprøytsonen vil trolig gro noe til, da fosserøyk etter utbygging vil bli mindre stabil enn det som er tilfellet i dag. Det er imidlertid ikke her registrert arter som er spesielt knyttet til fossesprøytsoner,


eller arter som er sjeldne eller truede. For andre tema antas den foreslåtte minstevannføringen å være tilstrekkelig.»



Venstre: 16.08.2007: 1750 liter/sek.



Høgre: 19.08.2008: 225 liter/sek



Venstre: 16.09.2009: 110 liter/sek



Høgre: 14.04.2009: 400 liter/sek

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 14,9 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 57,5 mill.kr. Anleggsbidrag til opprusting av linjenett utgjør 1 mill. kroner av dette . Utbyggingsprisen er berekna til 3,85 kr/kWh, som er middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av

inntak, vassveg i gravd/sprengt grøft og i tunnel/sjakt, kraftstasjon og redusert vassføring i Rydøla med Ryfossen.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Ryfossen i Rydøla er omtalt som eit viktig landskapselement i fylkeskommunen sin regionale plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Fossen vert direkte påverka av utbyggingsforslaget. Tiltaksområdet ligg ikkje i fjordlandskap. I tråd med retningslinjene i planen får fossen 3. prioritet dvs:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort mon reduserer eventuelle konflikthar i høve til aktuelle arealinteresser.

I Luster kommune ein kommunedelplan for små kraftverk frå 2007 er Rydøla omtalt i delområde Leirmo som er vurdert til å ligge i grøn konfliktsone (lågt konfliktnivå). Omtalen av konfliktsone generelt er: *“Desse områda er prega av lite konfliktnivå og/eller store positive lokale ringverknadar. Her bør det planleggast med tanke på å få god teknisk og økonomisk utnytting av ressursane”*. Under tema Turisme er det m.a. omtalt dei mange besøkande til Nigardsbreen og Breheimsenteret som passerer gjennom delområdet og at «særleg Rydøla er veldig synleg på vegen fram Jostedalen»

I Luster kommune si saksutgreiing ang. Rydøla kraftverk er det sagt m.a. dette:

Landskapskvalitetane i og rundt utbyggingsområdet er høgt verdsett. Ved tilstrekkeleg vassføring er Ryfossen ein viktig del av vassdragsnaturen i Jostedalen og betyr mykje både for lokalbefolkninga og tilreisande. Den reduserte landskapsopplevinga ved fråføring av vatn frå fossen vil truleg utgjera den mest negative einskildefekten av utbygginga. Søkjaren har prøvd å kompensera for det med ei rel. høg minstevassføring i tre månader om sommaren. Om dette er tilstrekkeleg til å oppretthalde gode nok landskapskvalitetar i og rundt utbyggings-område er eit springande punkt i saka. Det kan og argumenterast med at utbygginga i kommunedelplan for småkraft er plassert i «grøn» konfliktsone, då argumentet om «landskapsbilde» vart mindre vektlagt. Utbygginga vil truleg også medføra at aktiviteten med isklattring må opphøyrast den tid kraftverket er i drift. Eit eventuelt stogg i stasjonen kan gi vasslepp som medfører risiko/fare for ev klatring/klattrarar. Kraftverket vil generera betydelege inntekter til lokalsamfunnet. Rådmannen meiner likevel at summen av ulempene ved bygging av Rydøla Kraftverk vil overstiga føremonene og at kommunestyret difor bør rå ifrå at det vert gjeve konsesjon.

Fylkesrådmannen vurderer tiltaket som konfliktfyllt i høve til landskap, friluftsliv og reiseliv ved at vassføringa i Ryfossen vert redusert. Minstevassføringa som er foreslått, vil bidra i til at fossen framleis vil ha ein viss landskapseffekt om sommaren. Isklattring i fossen om vinteren kan ikkje skje i same skala som i dag, sjølv om det i tørre periodar når kraftverket ikkje har nok vatn for drift, kan vere gode forhold. Fylkesrådmannen meiner at ulempene samla sett i høve til landskap, friluftsliv og reiseliv blir for store, og at utbygging ikkje kan tilrådest.

Kulturminne frå nyare tid

Rydøla ligg i nedre del av Jostedalen. Elva her er relativt bratt, svingete og i dag lite prega av større tekniske inngrep. Det er stor turisttrafikk gjennom Jostedalen og forbi Ryfossen. Fossen er lett synleg frå vegen. Jostedalen med sine spesielle landskapskvalitetar, er ein naturleg avstikkar for dei som ferdast langs den Nasjonale Turistvegen over Sognefjellet. Rydøla slik den ligg i dag, er eit lett synlig og viktig landskapselement. Elvar, fossar og stryk utgjør ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Fossen vert på den måten eit viktig opplevings- og landskapselement for det totale reiselivsproduktet i Jostedalen.

Fram til inntaket og stølen i Rydalen, er det under bygging ein skogsveg langs den gamle stølsvegen. Denne utbygginga er godkjent av Luster kommune. Gamle stølsvegar er viktige kulturminne og landskapselement. Stølsvegen til Rydalen ligg i eit område med stort potensiale for forhistoriske kulturminne. Utifrå kulturminneomsyn er utbygginga av tilkomstveg til Rydalen ei uheldig løysing og ei løysing som ikkje bør knytast til offentleg godkjenning av eit kraftverk. Det same gjeld tilkomstvegen til Viergrovi og ikkje minst røyrgata frå Viergrovi til inntaket i Rydøla. Her er røyrleidningen lagt i utkanten av stølsvollen, men i stor grad langs eit eldre vegfar.

Stølen i Rydalen, utgjør eit heilskapleg kulturmiljø, med stølsvollar, stølshus, tufter, steingarar og andre synlege strukturar i landskapet. Det er tydeleg at stølsområdet her har vore i bruk over lang tid, og som nemnt i konsesjonssøknaden, eit område med potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Stølsdrifta i Rydalen tok slutt i 1940-45. Stølsvollene er fremdeles opne, med ei viss gjengroing i kantvegetasjonen. Kulturmiljøet i Rydalen er likevel ikkje påverka av tyngre tekniske inngrep. Sjølv om det ikkje er planlagt større inngrep direkte på stølsvollen, vil likevel planlagde inngrep som vegframføring, røyrleidning og inntaksdam, sterkt påverke kulturmiljøet og dei gamle strukturane både over og under bakken. Forslag til avbøtande tiltak her, kan vere at inntaket i Rydøla vert flytta nedstrøms til der det møter Viergrovi.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Luster kommune er rik på førhistoriske utmarkskulturminne. Kulturminna er knytt til stølsdrift og vert ofte registrert på eller nær eksisterande stølsvollar. Det er i all hovudsak snakk om førhistoriske stølsanlegg. Desse varierer i storleik frå ein til 35 tufter og vert jamt over datert til vikingtid. På Hafslo i Luster kommune ligg dei to største stølsanlegga me kjenner til i Sogn og Fjordane. Tuftene vert ofte påvist inne på moderne stølsvollar. Frittstående anlegg førekjem og i utmarka. Då gjerne med nokre hundre meters avstand frå moderne stølsvollar. I tillegg til stølane kan ein forvente å påvise produksjonsanlegg for trekol og tjøre. Trekol produksjon og tjøre-brenning har vore viktige attåttnæringar på stølane. I tilknytning til stølane i Luster førekjem det og ofte bergkunst i form av skålgroper. Skålgropene vert sett i samanheng med ritual knytt til stølsdrift og ferdseil i utmarka. Skålgropene var hovudsakleg i bruk i perioden yngre steinalder og opp i førromersk jernalder 2250 f.Kr – 500 f.Kr, med ei tyngd i utbreiinga i bronsealderen 1800 – 500 f.Kr. Til saman 15 skålgrope lokalitetar er registrert på Seljesete og på Rystølen som ligg aust for planlagde vasskrafttiltak.

Fylkeskommunen vurderer at potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne innan for planområde for Rydøla kraftverk er stort. Vi finn derfor grunnlag for å stille krav til ein arkeologisk registrering. Registreringa skal opfylle tiltakshavarar undersøkingsplikt jamfør § 9 i kulturminnelova. Jamfør § 9 er tiltakshavar ved større offentlege og private tiltak pliktig til å undersøke om planlagde tiltak kan råke automatisk freda kulturminne. Jamfør kulturminnelova § 10 skal tiltakshavar sjølv dekke kostnadene til gjennomføringa av registreringa. Registreringa kan berre gjennomførast på bar og telefri grunn. Kostnadsoverslag for gjennomføring av registreringa vert ettersend.

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer tiltaket som konfliktfylt i høve til landskap, friluftsliv, reiseliv, kulturminne og kulturmiljø, og konkluderer med at det ikkje bør gjevast løyve. Dersom det vert gitt løyve, skal det settast krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 som konsesjonsvilkår.